



Rehabiliteringa av Gamleskulen går sin gang steg for steg og nyleg har formannskapet løyvd 82 000 kroner til huset frå byggjetilskotpotten. Det tradisjonsrike huset vert stadig meir populært som møtestad. Løyvinga no var restløyvinga frå i fjor til det som er gjort til no. Men framleis er det relativt langt til mål. Faktisk er det trong for mellom 600 000 og 700 000 kroner som ikkje er finansiert, melder UU-leiinga.

No er det byggjesteg nummer 2 som ligg foran og den omfattar mellom anna vindauge, vatn, ventilasjon og innreiing. I det siste året er det teke eit stort løft i kjellaren som har fått støypt golv. Men kva det vert der til slutt kan visst ingen svare på førebels.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen